

Fryktar skjult ulovleg jakt på jerv

Myndigheitene mistenkjer store mørketal etter funn av ulovleg avliving og uforklarleg høg døying i jervebestanden.

Miljødirektoratet og Statens naturoppsyn har sidan 2019 avdekt sju tilfelle av skjult, ulovleg avliving av jerv. Fleire av sakene er lagt bort med ukjent gjerningsperson. – Dette er alvorleg miljøkriminalitet som er relativt lett å skjula, seier avdelingsdirektør, Morten Kjørstad, i ei

pressemelding.

Ny forskning frå Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet viser samstundes uventa høg døying av ukjende årsaker, særleg frå Trøndelag og nordover. I nokre område forsvinn opptil halvparten av jervane utan forklaring. Økokrim meiner

funna er bekymringsfulle og peikar på at ulovleg jakt på freda rovdyr er krevjande å etterforske.

Myndigheitene har no styrkt tilsynet i fleire regionar for å forebyggje miljøkriminalitet. (©NPK)



Etter eit tips fann SNO i 2016 ein jerv i Finnmark som var avleva og senka ned i ein opning i isen, truleg for å skjula hendinga. Saka vart lagt bort av politiet. Foto: Statens naturoppsyn / Miljødirektoratet / NPK

Då er bruelementa på plass - heile prosjektet ligg føre tidsskjema

Utbedringa av fylkesveg 615 forbi Solheim starta i september i fjor og var planlagt å ta eitt år, men ligg føre skjema. No er bruelementa komne på plass. – Dette er eit løft for heile Solheim, seier Olav Klungre.

Jan Nik. Hansen
janmik@firdatidend.no

Fylkesveg 615 forbi Solheim i Hyen, omtala som landets nest dårlegaste veg, er i ferd med å bli litt mindre dårleg.

Dei siste åra er det gjennomført stykkevis utbedring av vegen fleire stader.

Skulle ta eitt år

Arbeidet på Solheim starta i september i fjor med førebuing av utbedring av vegen med ny bru. Tysdag 17. februar vart dei 28 meter lange bruelementa i Eikefjord til Solheim.

– Det baud på utfordringar knytt til vær og føreforhold. Vi skulle starte klokka 08:30, men kom ikkje i gang før rundt klokka 12, fortel prosjektleiar i Vestland fylkeskommune, Bjørn Andre Storøy.

Ikkje minst var det utfordrande å frakte dei lange elementa på den smale vegen frå

Storebru til Solheim, men det gjekk seg til.

Kvar betongbjelke vog 28 tonn, og åtte slike skulle på plass.

Gode forhold

Storøy fortel at anleggsarbeidet har gått greitt.

– Vi har vore heldige med været. Det var ein tørr haust og tørr vinter med lite vassføring i elva. Det var bra med tanke på bruarbeidet, seier han.

Men det vart utfordringar med betongarbeidet.

– Då var det motsett problemstilling fordi det var kaldt, konstaterer prosjektleiar.

Det har likevel ikkje ført til forseinkingar.

– Prosjektet var planlagt å skulle ta eitt år, men slik det ligg an no, vil vi greie å bli ferdige før, seier Bjørn Andre Storøy.

30 mill. kroner

Arbeidet med brua var kostnadsrekna til 22 mill. kroner, men er blitt utvida med om lag



Her blir dei 28 meter lange brubjelkane i betong heiste på plass. Foto: Olav Klungre.

7-8 mill. kroner.

– Vi har gjort litt meir enn planlagt og plussa på med utviding av eit smalt parti av vegen forbi sjølve brua i retning Eikefjord. Det er gjort for å kople oss på ei tidlegare vegutviding, fortel Storøy.

Denne strekkinga er om lag 70 meter.

To avkrysser er også oppgraderte med utvida siktsoner og tilfredsstillande svingradius.

Prosjektet på Solheim og dei andre utbedringane har løfta standarden på fv 615 aldri så lite, men langt frå nok til at vegen er av tilfredsstillande standard. Ifølgje Bjørn Andre Storøy er det ikkje sett av midlar til meir arbeid dei næraste åra.

Store endringar

– Det blir store forandringar på Solheim, seier Olav Klungre.

Han peikar på at det ikkje

berre er bygd ny bru. Betongen i den gamle var dårleg. I tillegg var det for lita slukeevne i elveløpet under brua.

– Det dokumenterte eg for to-tre år sidan, ein gong det var stor snøsmelting og samtidig mykje nedbør. Då var det så vidt det ikkje gjekk gale, fortel Klungre.

Dette var medvirkande til at fylkeskommunen vedtok å utvide elveløpet samtidig som

Ny doktorgrad:

Dei fleste klarte seg bra under pandemien

Den generelle psykiske helsa heldt seg stabil under covid-19, men nokre grupper opplevde fleire førstegongsdiagnosar og auka psykiske plager.

Det viser ei doktorgradsavhandling av Pia Myklebust Johannessen ved Universitetet

i Oslo.

Studien finn at utviklinga i psykiske lidningar i stor grad følgde same trend som før pandemien, og i nokre tilfelle var nivåa lågare. Likevel opplevde enkelte grupper auka sårbarheit.

Det vart mellom anna registrert fleire førstegongsdiagnosar og fastlegekonsultasjonar for spiseforstyrningar blant kvinner, og dessutan ein auke i tvangsliding. Personar

med tidlegare psykiske plager hadde også fleire konsultasjonar for angst og posttraumatisk stresslidning. I tillegg rapporterte mødrer med tenåringar om meir psykiske plager.

Avhandlinga byggjer på data frå nasjonale helseregister og den norske mor, far og barn-undersøkinga (MoBa), og omfattar vaksne mellom 18 og 65 år og dessutan mødrer til skulebarn. (©NPK)



Under pandemien auka førstegongsdiagnosar og fastlegekonsultasjonar for spiseforstyrningar og tvangsliding, samtidig som mødrer med tenåringar rapporterte meir psykiske plager. Foto: Gorm Kallestad / NTB / NPK



Kvart element vog 28 tonn. Til saman åtte betongbjelkar utgjør brua på Solheim. Foto: Olav Klungre.



Transporten frå tømmerkai i Eikefjord var utfordrande. Foto: Bjørn Andre Storøy, Vestland fylkeskommune.



Slik såg det ut i september i fjor. Her vert elveløpet utvida for å auke slukeevna.

det vart bygd ny bru.

– Arbeidet har medført at fire bruk får betre avkøyrslar, der to er heilt nye, fortel Olav.

Det betyr betre av- og påkøyring og betre trafikktryggleik.

Ros til fylkeskommunen

Olav Klungre gleder seg over 200 meter ny og fin veg.

– Eg vil gje ros til fylkeskommunen som har vore smidig, laga avtalar med grunneigarane

og funne gode løysingar, seier han.

Det har korta ned tidsbruken og redusert kostnadene. Heile prosjektet er med på å gje den vesle grenda eit løft.

– Det er utført fleire utbetringar på fv 615 dei siste år. Er ikkje vegen landets nest dårlegaste lenger?

– Det er ikkje noko mål å vere dårlegast. Kjem det ei ny kåring, er det ikkje sikkert vi blir med,

smiler Olav Klungre som i mange år har engasjert seg sterkt for betre veg frå Hyen til Storebru.

Det arbeidet held fram.

– No arbeider vi med ei utgreiing i samband med fylkeskommunen sitt arbeid med Regional plan for areal og mobilitet, som skal handsamast i fylkestinget i desember dette året, seier Olav Klungre.